


# **Artsmangfald og naturtypar i Vingen landskapsvernområde, Bremanger kommune**



**Miljøfaglig**  
Utredning

Rapport MU2021-36



#### Framsidebilete

På veg opp mot fjellet i aust (Sørdalen) ser vi ned på Vingen og i bakgrunnen den attgrodde lyngheia bortover mot Vingelven. Foto: JBJ.

# RAPPORT 2021-36

<b>Utførande institusjon:</b> Miljøfaglig Utredning AS	<b>Prosjektansvarleg:</b> John Bjarne Jordal (JB)
	<b>Prosjektmedarbeidar(ar):</b> Sara Margrete Gilberg Nyjordet (SMGN)
<b>Oppdragsgjevar:</b> Statsforvaltaren i Vestland	<b>Kontaktperson hos oppdragsgjevar:</b> Tom Dybwad
<b>Referanse:</b> Jordal, J.B. & Nyjordet, S. M. G. 2021. Artsmangfald og naturtypar i Vingen landskapsvernombjørde, Bremanger kommune. Miljøfaglig Utredning rapport 2021-36, 44 s. ISBN 978-82-345-0185-2.	
<b>Referat:</b> Miljøfaglig Utredning AS har gjennom feltarbeid samla inn data om arts mangfald og naturtypar i Vingen landskapsvernombjørde, Bremanger kommune. Prosjektet er utført på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. I resultatdelen presenterer vi informasjon om arts mangfald (med skildring av viktige funn) og viktige naturtypar. Det er funne to raudlisteartar (fossegrimemose og praktdraugmose). Begge desse er oseaniske (kystbundne). Særleg den første har nasjonalt viktige bestandar i Bremanger og i Vingen. Det er påvist om lag 180 karplanteartar og 45 moseartar, forutan spreidde observasjoner frå andre grupper. Mange av moseartane er oseaniske. Det er registrert 10 naturtypelokalitetar etter DN-håndbok 13: ei naturbeitemark, tre kystlyngheier, to kystmyrer, tre nord vendte berg og ein flomdam. Tre lokalitetar har A – svært viktig, to lokalitetar har B – viktig og fem lokalitetar har C – lokalt viktig. Det er registrert fire ulike lokalitetar av raudlista naturtypar, ei naturbeitemark og tre kystlyngheier. Alle lokalitetar med verdi A er nord vendte kystberg, som ikkje finst i Miljødirektoratets instruksjoner.  Det er store areal med nakent berg som har lite potensiale for naturtypar av forvaltningsmessig interesse. Men alle nord vendte berg kan potensielt tilhøyra naturtypen nord vendte kystberg, sjølv om dei ikkje er undersøkte. Det same gjeld nord vendte heirområde, særleg i skoggrenseområda. Det er funne små område med kalkrevande karplanter. Kunnskapsstatus om mangfaldet er betra, men dei fleste organismegruppene utanom karplanter og mosar er så godt som ukjente.	

# FORORD

Miljøfaglig Utredning AS har utført feltarbeid og samla inn informasjon om arts- og naturtypemangfald i Vingen landskapsvernområde. Oppdraget er utført på oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland. Kontaktperson hos oppdragsgjevar har vore Tom Dybwad. Ein stor takk går til Trond Lødøen som har stått for båttransport, førstehands informasjon om området og stilt Vingebu til rådvelde. Vi takkar også Kristian Hassel, NTNU Vitenskapsmuseet, for artsbestemming av nokre mosar. Prosjektsvarleg frå Miljøfaglig Utredning har vore John Bjarne Jordal. Sara Margrete Gilberg Nyjordet har deltatt under heile feltarbeidet og i rapportskrivinga.

*Tingvoll/Bergen, 20.12.2021*

*Miljøfaglig Utredning AS*

*John Bjarne Jordal*

*Sara Margrete Gilberg Nyjordet*

# INNHOLD

1	INNLEIING .....	6
1.1	BAKGRUNN .....	6
1.2	FØREMÅL.....	6
2	METODE OG MATERIALE .....	7
2.1	OVERORDNA METODAR OG OMGREP .....	7
2.1.1	Raudliste for artar og raudliste for naturtypar .....	7
2.1.2	Framande artar .....	7
2.1.3	Naturtypekartlegging etter DN-Handbok 13 .....	8
2.1.4	Lovverk .....	8
2.2	METODE FOR DATAINNSAMLING .....	8
3	RESULTAT .....	9
3.1	NATURGRUNNLAGET.....	9
3.1.1	Generelt.....	9
3.1.2	Berggrunn og lausmassar .....	9
3.1.3	Naturtypar .....	9
3.2	KULTURPÅVERKNAD .....	9
3.3	LANDSKAPSBILETE.....	10
3.4	ARTSMANGFALD.....	12
3.4.1	Generelt.....	12
3.4.2	Raudlisteartar .....	13
3.4.3	Framande artar .....	16
3.4.4	Artsbilete .....	17
3.5	NATURTYPAR .....	19
3.6	SKILDRING AV NATURTYPELOKALITETAR .....	22
3.6.1	Vingenterrassen (naturbeitemark) .....	22
3.6.2	Vingenterrassen: Vatnet (flomdam) .....	23
3.6.3	Vingenterrassen søraust (kystlynghei) .....	24
3.6.4	Vingen vest: Grunneberget-Avløysningsskjeret (kystlynghei) .....	25
3.6.5	Vingen sør (nordvendte kystberg) .....	26
3.6.6	Sørdalen sør (nordvendte kystberg) .....	27
3.6.7	Sørdalen aust (nordvendte kystberg) .....	28
3.6.8	Vingeset (kystlynghei).....	29
3.6.9	Vingeset, sørlege myr (kystmyr) .....	30
3.6.10	Vingeset, nordlege myr (kystmyr) .....	31
3.7	LOKALITETSBILETE.....	32
4	VURDERING AV KUNNSKAPSGRUNNLAGET .....	39
5	KJELDER .....	40
6	VEDLEGG (ARTSLISTER) .....	41

# 1 INNLEIING

---

## 1.1 Bakgrunn

Vingen i Bremanger er eit av dei viktigaste helleristningsfelta i Noreg, og stammar i hovudsak truleg frå perioden 6900-6300 år før notid (Lødøen & Mandt 2012, Hjelle & Lødøen 2017). Vingen landskapsvernområde vart oppretta i år 1980 først og fremst på grunn av dei store kulturhistoriske verdiene i området, fordi kulturminnelova på dette tidspunktet vanta tilstrekkeleg heimel for dei tiltak som var naudsynte for å verne helleristningane. Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vakkert naturlandskap med viktige kulturhistoriske særtrekk (helleristningsfelt). For å ta betre vare på helleristingsfeltet vart eit område rundt kulturminna freda etter kulturminnelova 2. november 2001. Formålet med områdefredinga er å sikre kulturminna som kjelde til oppleving og vitskapleg arbeid i framtida. Ferdsel i området er ikkje tillate, men eigarar og andre med særskilte bruksrettar kan bruke området som tidlegare når det er i samsvar med formålet med fredinga. Det finst og utkast til ein forvaltningsplan for området (Statsforvaltaren i Vestland 2021). Det er gjort vegetasjonshistoriske undersøkingar i verneområdet (Hjelle & Lødøen 2017). Derimot har kunnskapen om den naturen som finst i dag vore mangelfull til no.

## 1.2 Føremål

Føremålet med denne rapporten er å betra kunnskapen om artar og naturtypar i Vingen landskapsvernområde. På denne måten kan ein koma nærmare ei heilskapleg forvaltning av både kultur og natur i området.

## 2 METODE OG MATERIALE

---

### 2.1 Overordna metodar og omgrep

I denne rapporten vil vi presentera og strukturera informasjon om naturmangfaldet i Vingen. For å presentera det på en tydeleg måte er det ein del omgrep og overordna metodar som kan forklarast. Eksisterande informasjon om artar er innhenta frå Artskart (Artsdatabanken & GBIF 2021).

#### 2.1.1 Raudliste for artar og raudliste for naturtypar

Artsdatabanken har som ei av oppgåvane sine å utarbeide Raudlister for artar og naturtypar i Noreg. Dette er lister som fortel kva sannsynlegheita er for at ein art eller naturtype vert utrydda frå landet.

Førekommst av raudlisteartar utgjer ofte eit viktig grunnlag for verdisetting/kvalitetsvurdering av naturtypelokalitetar. Dei har òg ein viktig sjølvstendig verdi i arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet. Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015) og naturtypar (Artsdatabanken 2018a) nyt tar IUCN sine raudlistekategoriar:

RE – Regionalt utrydda (*Regionally Extinct*)

CR – Kritisk trua (*Critically Endangered*)

EN – Sterkt trua (*Endangered*)

VU – Sårbar (*Vulnerable*)

NT – Nær trua (*Near Threatened*)

DD – Datamangel (*Data Deficient*)

Hausten 2021 (24. november, dvs. etter ferdigstilling av denne rapporten) er det planlagt publisering av ei ny raudliste for artar. Vi vil her også ta med forslag til raudlistestatus i denne nye raudlista, sjølv om dette ikkje er endeleg publisert.

#### 2.1.2 Framande artar

Ein framand art eller organisme er «en organisme som ikke hører til noen art eller bestand som forekommer naturlig på stedet» (Naturmangfaldlova). Førekommst av framande artar kan òg vere viktig for verdisetting av naturtypar, der førekommst av invaderande arter vil slå negativt ut. Gjeldande framandartsliste for Noreg vart publisert i 2018 (Artsdatabanken 2018b), der ni ulike kriterium nyttast for å vurdere kor stor økologisk risiko kvar framand art utgjer for det heimlege naturmangfaldet. Artane vert fordelt på fem kategoriar:

SE – Svært høg risiko (*Artar som har ein sterkt negativ effekt på norsk natur*)

HI – Høg risiko (*Artar med stor spreiing, og med ein viss økologisk effekt eller stor økologisk effekt med ei avgrensa spreiing*)

PH – Potensielt høg risiko (*Artar med svært avgrensa spreiingsevne, men stor økologisk effekt – eller omvendt*)

LO – Låg risiko (*Artar med låg risiko har låg eller moderat spreiing og middels til svake økologiske effektar*)

NK – Ingen kjent risiko (*Artar utan kjent spreiing og ingen kjende økologiske effektar*)

### 2.1.3 Naturtypekartlegging etter DN-Handbok 13

Ein naturtype er «en ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster» (Naturmangfoldlova). Naturtypar har vore kartlagt i Noreg sidan 1970-talet. Frå 1999 vart dei kartlagt etter ein fast metodikk laga av Direktoratet for naturforvaltning i deira Handbok 13. Handboka har vore gjennom fleire runder med oppdateringar, dei siste i 2007 og 2014/15 (og med oppdatering av naturbeitemark i 2018). Metoden inkluderte 56 naturtypar med fleire utformingar som skulle kartleggast, skildrast og verdisettast. Lokalitetar vart delt inn i **lokalt viktige (C)**, **viktige (B)** og **svært viktige (A)** område. I Vingen-prosjektet er vi bedne om å kartlegga etter denne metodikken, dvs. Miljødirektoratet (2015), og Bratli (2018) for naturbeitemark.

Natur i Norge (NiN) er eit system for å klassifisera all natur i Noreg. I lokalitetsskildringane har vi tatt inn naturtypar (kartleggingseiningar i målestokk 1:5000) etter denne metoden.

### 2.1.4 Lovverk

**Lov om forvaltning av naturens mangfold** (Naturmangfoldlova) vart vedteken i 2009 og erstatta den tidlegare Naturvernlova. Føremålet til lova er «*at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur*». Lova er sektorovergripende og skal nyttast i alle tilfelle der natur vert påverka.

Forskrift om **utvalde naturtypar** har som føremål å «*ivareta mangfoldet av naturtyper innenfor des naturlige utbredelsesområde og med det arts Mangfoldet og de økologiske prosessene som kjenner den enkelte naturtype, jf. naturmangfoldloven § 4*». Det er i 2021 åtte naturtypar som er omfatta av forskrifta om utvalde naturtypar (slåttemark, slåttemyr, hol eik, kalklindeskog, kalksjø, kystlynghei, open grunnlend kalkmark i boreonemoral sone, og olivinskog). Av desse er særleg kystlynghei aktuell i Vingen.

I naturmangfoldlova er det også mogleg å laga forskrifter for **prioriterte artar** med føremål å gje dei aktuelle artane eit utvida vern mot skade og forstyrring. I 2021 er 13 artar som har ei slik forskrift (svarthalespove, drakehovud, svartkurle, honningblom, eremitt, raud skogfrue, klippeblåveng, dverggås, dvergålegras, elvesandjeger, fjellrev, trøndertorvmose og elfenbenslav). Ingen av desse er aktuelle i Vingen så langt ein kjenner til.

## 2.2 Metode for datainnsamling

Data som blir presentert i denne rapporten er i hovudsak skaffa gjennom eige feltarbeid, sidan det var lite aktuell informasjon å finna frå tidlegare (t.d. Naturbase og Artskart). Vi har òg undersøkt om det finst noko i skriftlege publikasjonar. For kartlegging av naturtypar har vi nytta metoden i DN-handbok 13, sjå nærmere ovanfor.

# 3 RESULTAT

---

## 3.1 Naturgrunnlaget

### 3.1.1 Generelt

Vingen landskapsvernombordet ligg i den korte fjordarma Vingepollen, ei sidegrein til Frøysjøen i Bremanger. Landskapet er prega av bratte fjellsider ned mot fjorden, og elles dalføre som går opp austover frå fjordbotnen. I nord går verneområdet frå Vingeset og austover i fjellsida via Tussur-fjellet til Hesten. Vingevatnet er ikkje med sidan dette er utbygd. I sør og aust omfattar landskapsvernombordet fjellet opp til Nordre Vingekvarven og også nokre mindre vatn. Verneområdet strekkjer seg frå sørboreal sone nede ved fjorden, via mellomboreal og opp til lågalpin sone på fjellet. Verneområdet ligg innanfor sterkt oseansk vegetasjonsseksjon (O3) (Bakkestuen mfl. 2008).

### 3.1.2 Berggrunn og lausmassar

Mykje av berggrunnen i kommunen og i Vingen landskapsvernombordet, er dominert av devonsk sandstein (NGU 2021). Denne er i utgangspunktet ein kalkfattig bergart. Truleg er denne iblanda mindre felt med meir basisk berg. Vingen landskapsvernombordet har mykje bart fjell, men somme stader er det eit varierande dekke av morenemateriale. I dei bratte liene finst fleire stader rasmateriale som har oppstått ved forvitring i områda ovanfor.

### 3.1.3 Naturtypar

Mykje av arealet i verneområdet ligg under skoggrensa, men store deler av fjellsidene ned mot fjorden er ikkje skogkledde sidan dei har mykje nakent berg og steinurer. På Vingeset og garden Vingen (Vingenterrassen) med nærområde er det varierande og stadvis litt djupare jordsmonn og semi-naturlege naturtypar som naturbeitemark og kystlynghei, som har vore nytt i tradisjonelt jordbruk i lang tid, truleg sidan 1600-talet (Hovstad & Mandt 2001). I austlege delar finst både litt furuskog, bjørkedominert skog og nokre myrer og små ferskvatn.

## 3.2 Kulturpåverknad

Helleristningsfeltet viser intens aktivitet i ein periode av steinalderen mellom 6000 og 7000 før notid (Lødøen & Mandt 2012). Jordbruket kom seinare. I nyare tid har Vingen hatt busetnad frå midten av 1600-talet til 1936 (Hovstad & Mandt 2001). Livet var da ein kombinasjon av jordbruk og fiske, der fisket ofte var økonomisk viktigast. Jordbruket var likevel viktig for jamn mattilgang. Det vart elles drive omfattande tjørebrenning av furuskogen i austre delar av Vingen-området på første halvdel av 1700-talet. I 1865 var det i Vingen to bruk som hadde til saman fem kyr, 22 sauar, seks geiter og ein gris. Ein nyttar beiteressursar i utmarka og sanka fôr over betydelege areal, særleg langs strendene og opp mot fjellet. Vingeset vart nytt til vår- og haustbeite, og om sommaren var det seterdrift i Sørdalen i fjellet aust for Vingen. Den sterke beitinga frå vår til seinhaustes, og om vinteren med sau og geit, prega vegetasjonen i utmarka der unge skot av røsslyng var ein viktig ressurs. På innmarka hadde ein både slåttemark og åkrar, og åkrane var ofte permanente. Namn på åkrar er t.d. Storåkeren nærast Vingeby (Lødøen & Mandt 2012). Dei tidlegare åkrane er å rekna som semi-naturleg eng i dag. På grunn av det bratte terrenget i låglandet og lite produktiv skog har det ikkje vore aktivt skogbruk i nyare tid. Rett aust for landskapsvernombordet er Vingevatnet oppdemt til kraftproduksjon, og elva som renn vestover og ender i Vingepollen er derfor ofte tørr eller med lita vassføring.

### 3.3 Landskapsbilete



Her er Vingebu og brygga sett mot Vingeset og Hornelen, dvs. mot nordvest. Foto: JBJ.



Her er den låge kystlyngheia på Vingeset sett frå sørsida av fjorden, og elles starten på dei nakne fjella austafør. Foto: SMGN.




Fra Vingen rett over fjorden ser ein Tussurfjellet, i alle retningar er det mest fjell med nakne berg, i tillegg til litt steinurer. Foto: JBJ.




Hola inst i Vingepollen har nokre solvendte rasmarker og berghyller som innehold litt buskas og småtre, det nærmeste vi kjem edellauvskog i Vingen, med litt spreidd eik, hassel, krossved, kristtorn og myske.

Foto: JBJ.



Frå fjorden ser ein her mot busetnaden på Vingen, kulturlandskapet rundt og dei bratte, nordvendte berga med spreidd skog ovanfor. Ved sjøen er det meir jordsmonn enn i store deler av landskapsvernområdet elles. Foto: JBJ.



Frå Vingeneset sørover mot Vingelva, Grunneberget og den bratte nordvendte fjellsida til venstre. Foto: SMGN.



Ved Øravatnet, ca 200 moh. Biletet er teke mot nordaust og viser deler av sida opp mot Hesten, der det heiter Jord. Landskapet er dominert av blankskurte fjellsider, med litt skog på djupare jord i nedre og flatare parti. Litt myr og ferskvatn finst også. Foto: SMGN.



På veg opp mot Kvarvatnet ca. 600 moh. ser vi nordaustover mot nakne fjell (m.a. austre deler av fjellet Hesten) og eit namnlaust vatn. Her vi står fann vi litt av raudlistearten praktdraugmose, som krev svært stabilt fuktig lokalklima. Foto: JBJ.

## 3.4 Artsmangfald

Ein sentral del av oppdraget var registrering av artar. Ei liste over alle artar som vart noterte er tatt med i vedlegget. Alle funn er gjort tilgjengelege i Artskart. Nedanfor er alle funn av raudlisteartar og framande artar presenterte.

### 3.4.1 Generelt

Vi registrerte vel 600 funn av ca. 180 karplanteartar, ingen av desse var på raudlista. Ein særmerkt art i alle nord- og nordaustvende område var hinnebregne, som er den mest oseaniske av alle karplanter. I vedlegget er karplanteartane lista opp, og det er også markert kva artar som er kalkrevande, t.d. brudespore, fjellfrøstjerne, fjellkvitkurle, fjelltistel, grønbukne, gulsildre, gulstorr, hårstorr, loppestorr, taggbregne og trillingsiv. Det var uventa mange slike kalkrevande artar, og forklaringa kan vere at det finst små felt med meir basiske bergartar i den devonske sandsteinen. Vi registrerte også nær 100 observasjonar av ca. 45 artar av mosar. I vedlegget er desse opplista, og

det er markert kva artar ein kan rekna som oseaniske (kystbundne), m.a. dronningmose, fleinljåmose, grannkrekmose, gullhårmose, heimose, kystsvebladmose, praktvebladmose, delvis også småstylte og storstylte. Nokre mosar er også litt kalkrevande som putevrimose og krusfellmose.

Det er tidlegare registrert vel 40 funn av lav i Artskart (1996-2000 av T. Bjelland og T. Tønsberg, hovedsakeleg på stein/berg), ingen av desse står på raudlista. T. Bjelland tok doktorgraden på steinbuande lav og forvitring av helleristningar, med studieområde m.a. i Vingen (Bjelland 2002; Bjelland & Thorseth 2002). Det er også registrert nokre fugleobservasjonar av vanlege artar (Artsdatabanken & GBIF 2021).

### 3.4.2 Raudlisteartar


Raudlisteartar er artar som står i fare for å bli utslettet i framtida. Artar er plassert i ulike kategoriar basert på risikoen for å døy ut dersom dagens forhold held fram. I Noreg er slike artar kategorisert etter systemet til IUCN og delt inn i raudlistekategoriene kritisk trua (CR), sterkt trua (EN), sårbar (VU) og nær trua (NT) på Norsk raudliste for artar (Henriksen & Hilmo 2015, jf. metodikk-kapitlet). Raudlisteartar funne i Vingen landskapsvernombordet er vist i tabell 1 og figur 1. Elles er det registrert eit par raudlista fugleartar frå før i Artskart: fiskemåse og gauk (begge NT, vi observerte dei same artane). Vi registrerte også eter (VU) på Vingeneset.

**Tabell 1.** Funn av raudlisteartar (utanom virveldyr) i Vingen landskapsvernombordet. UTM er oppgjeve i sone 33. Alle funna er gjort av begge forfattarane. Raudlistekategori fremst er eksisterande raudliste frå 2015, i parentes er forslaget til ny raudlistestatus hausten 2021.


Norsk namn	Kategori	Lokalitet	UTM aust	UTM nord	Presisjon (m)	Dato
fossegrimemose	VU (EN)	Bjørneskora sør	-7699	6892739	25	02.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Bjørneskora sør	-7642	6892751	25	02.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Bjørneskora sør	-7727	6892740	25	02.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Vingepollen sør	-9234	6892592	10	01.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Vingepollen sør	-9332	6892602	10	01.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Vingepollen sør	-9348	6892602	10	01.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Vingepollen sør	-9271	6892591	10	01.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Bjørneskora sør	-7673	6892740	25	02.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Bjørneskora aust	-7187	6892987	25	02.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Vingepollen sør	-9368	6892613	10	01.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Vingepollen sør	-9288	6892588	10	01.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Avløysningsskjær søraust	-8563	6892800	25	03.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Avløysningsskjær aust	-8603	6892891	25	03.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Avløysningsskjær søraust	-8553	6892785	25	03.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Avløysningsskjær søraust	-8612	6892801	10	03.07.2021
fossegrimemose	VU (EN)	Bjørneskora aust	-7310	6892963	25	02.07.2021
praktdraugmose	NT (VU)	Vingevatnet vest	-7095	6892569	25	02.07.2021
praktdraugmose	NT (VU)	Vingevatnet vest	-6769	6893007	25	02.07.2021
praktdraugmose	NT (VU)	Bjørneskora aust	-7430	6892937	25	02.07.2021
praktdraugmose	NT (VU)	Vingevatnet vest	-7091	6892590	10	02.07.2021
praktdraugmose	NT (VU)	Vingevatnet vest	-6655	6893038	25	02.07.2021
praktdraugmose	NT (VU)	Bjørneskora aust	-7451	6892935	10	02.07.2021

**Fossegrimemose** er ein sjeldan art knytt til svært fuktige miljø på Vestlandet, tidlegare helst i område med fossegåv, men også i svært humide område langs kysten elles. Den klart viktigaste trussel-faktoren er vasskraftutbygging som historisk har ført til at dei fleste fossesprutlokalitetane for arten har gått ut. I dag og i framtida vil utbygging av småkraftverk utgjera den viktigaste trusselen, i tillegg til fysiske inngrep generelt. I Rogaland er arten rekna som utrydda. I gamle Hordaland fylke er det truleg att berre ein intakt lokalitet. Det er i dag stort sett berre skog- og kystberglokalitetene som er intakte. Einskilde av ytterkystlokalitetene kan ha gått noko tilbake pga. attgroing etter opphør av beite. Arten er avhengig av lokalitetane i gamle Sogn og Fjordane fylke for å overleva. Han er sårbar for alle typar arealinngrep. Dei viktigaste førekommstane i landet er i Bremanger kommune, dvs. i nærområda til Vingen, m.a. i den nærliggjande Bortnedalen. Førekommstane i Vingen er framleis for därleg kjent, men dei få stikkprøvane vi gjorde tyder på at arten har gode bestandar og er vidt utbreidd. Vingen er kanskje ein av dei beste attverande lokalitetane i landet for denne arten. Derimot kan eventuelle tidlegare bestandar langs elva frå Vingevatnet ha vorte reduserte som følgje av kraftutbygging. Auke i minstevassføring vil uansett vere positivt for alle oseaniske artar langs elva.

**Praktdraugmose** er ein sterkt oseanisk art knytt til nord- og nordaustvendte heiari, myrkantar og grunne berg under og over skoggrensa i nedbørrike strok, helst med årsnedbør godt over 2000 mm. Han er raudlista fordi han er sårbar for attgroing og heving av skoggrensa som følgje av klimaendringar.



**Figur 1.** Funn av raudlisteartar i Vingen landskapsvernområde (avgrensna av tjukk raud strek). Raude runde prikkar: fossegrimemose (2015: VU, 2021: EN). Raude trekantar: praktdraugmose (2015: NT, 2021: VU).



**Figur 2.** Til venstre er eit kart som viser utbreiinga av fossegrimemose (2015: VU, 2021: EN) i Noreg. Til høgre er utbreiinga av praktdraugmose (2015: NT, 2021: VU) i Noreg.

På figur 2 er det til venstre eit kart som viser utbreiinga av fossegrimemose i Noreg. På mange av lokalitetane (m.a. dei fleste fosseengene) finst ikkje arten lenger. Størsteparten av den nasjonale bestanden er i Bremanger og Kinn kommunar, og da mest på berg i svært humide (stabilt fuktige) strok på kysten utan fosserøyk. Til høgre er utbreiinga av praktdraugmose i Noreg. Denne arten er knytt til særskilt nedbørrike og fuktige strok, og veks i nord- og nordaustvendte heiars mm. under og over skoggrensa. Ein ser også her at Bremanger og områda rundt er svært sentrale og viktige for denne arten. Om desse to artane kan ein altså seie at Bremanger har eit særskilt, nasjonalt ansvar.


### 3.4.3 Framande arter

Framande arter er arter som ikkje førekjem naturleg i Noreg, oftast tilsikta eller utilsikta innført av menneske til landet, jf. innleiinga. Artane er kategorisert i Fremmedartslista (2018) etter invasjonspotensiale og økologisk effekt, kor dei tre høgaste kategoriane inkluderer arter som utgjer svært høg risiko (SE), høg risiko (HI) og potensielt høg risiko (PH). I Vingen landskapsvernombord er det registrert ein planteart med svært høg risiko, nemleg platanlønn. Rundt 2012-2013 hjelpte SNO til å lokalisera og fjerna platanlønn i verneområdet (kjelde: Trond Lødøen). Like vest for verneområdegrensa mot Vingelva (oppunder Grunneberget) finst sitkagran/lutzgran (SE) som ein også bør følgja med på. Europalerk (posisjon UTM sone 32: 305108-6860076 +/-10m) er formelt ikkje ein framand art fordi den kom til landet før 1800 (ikkje risikovurdert), men er likevel heilt klart ein uønska art i eit landskapsvernombord, og har stort potensiale for å spreia seg – heilt opp på fjellet. Det same kan ein seia om vanleg norsk gran, som vart funnen ved Hola inst i Vingepollen. Platanlønna vart også funnen i Hola, og europalerk vest for Flatefjøra opp mot Grøneberget (figur 3).

**Tabell 2.** Framande arter (karplanter) registrert i Vingen landskapsvernombord, med posisjon i UTM sone 32 (+/- 25 meter).

Artsgruppe	Norsk namn	Vitskapleg namn	Kategori	Tal observasjonar
Karplanter	platanlønn	<i>Acer pseudoplatanus</i>	SE	1 (306391-6860968)

Av pattedyr er mink (SE) den einaste framande arten registrert i Vingen. Vi kjenner ikkje til om det har vore noko målretta nedkjemping av arten.



**Figur 3.** Framande arter registrerte under feltarbeidet i 2021. Europalerk er formelt ikkje ein framand art (kategori NR – ikkje risikovurdert, fordi han vart innført før år 1800), men er ein uønska art i eit landskapsvernombord. Elles finst sitkagran/lutzgran rett vest for landskapsvernombord-grensa mot Vingelva, og desse bør overvakast. Tjukk raud strek er verneområdegrense.

### 3.4.4 Artsbilete



Fossegrimemose i Vingen, fotografert i den nordvendte lia ovanfor Vingebu. Foto: JBJ.



Fossegrimemose-tuve i Vingen, farga er ofte raudbrun til mørkraud. Han veks her stort sett utanom fosserøyk, og heng ofte i matter ut over framstikkande bergnasar i den svært fuktige nordvendte lia. Foto: JBJ.



Praktdraugmose fotografert i Sørdalen naturreservat ikke langt fra Vingen. Som ung er han grøn (som i midten) men seinare blir han brun til mørkebrun (som oppe til venstre). Foto: JBJ.



Hinnebregne i Vingen.  
Denne arten har svært  
rike forekomstar her.  
Dette er den mest ose-  
aniske av alle norske  
karplanter. Det vil seie  
at ho krev stabilt høg  
luftfuktigkeit og lite  
frost og uttørkingsep-  
sodar. Foto: JBJ.

## 3.5 Naturtypar

Naturtypar i Vingen landskapsvernområde er i 2021 kartlagt etter DN-Handbok 13 (Miljødirektoratet 2015, Bratli 2018). Naturtypane som vart kartlagt etter denne metodikken skulle fange opp viktige naturtypar og leveområde for artar, særleg raudlisteartar.

I Vingen landskapsvernområde er det i 2021 registrert totalt 10 naturtypelokalitetar (tabell 3), med tre lokalitetar som har verdi A – svært viktig, to lokalitetar som har verdi B – viktig og fem lokalitetar som har verdi C – lokalt viktig (tabell 3). I Vingen landskapsvernområde er det registrert fire ulike lokalitetar av raudlista naturtypar, ei naturbeitemark og tre kystlyngheier. Alle lokalitetar med verdi A er nordvendte kystberg, som ikkje finst i Miljødirektoratets instruks.


**Tabell 3.** Naturtypelokalitetar kartlagt i Vingen i 2021. I tabellen er dei plassert på tilsvarende DN13-verdi (svært stor = A-verdi, stor = B-verdi og middels = C-verdi). Raudlistekategoriar i tabellen: kritisk trua (CR), sårbar (VU), nær trua (NT), LC = livskraftig.

Lokalitet	Naturtypar	Raudliste-kategori	Verdi	Totalareal (daa)
1 Vingenterrassen	Naturbeitemark	VU	C	34,1
2 Vingenterrassen: Vatnet	Flomdam	LC	C	0,3
3 Vingenterrassen søraust	Kystlynghei	EN	B	157,9
4 Vingen vest: Grunneberget- Avløysningsskjeret	Kystlynghei	EN	C	81,4
5 Vingen sør	Nordvendte kystberg	LC	A	317,8
6 Sørdalen sør	Nordvendte kystberg	LC	A	14,9
7 Sørdalen aust	Nordvendte kystberg	LC	A	7,3
8 Vingeset	Kystlynghei	EN	B	111,1
9 Vingeset sør	Kystmyr	LC	C	2,5
10 Vingeset nord	Kystmyr	LC	C	0,7

Det er svært mykje nakent berg i Vingen, og dette avgrensar dei arealet som er aktuelle for registrering av naturtypar etter DN-handbok nr. 13. Den 01.07.2021 hadde vi ei båtbefaring i heile Vingepollen. Vi fann da m.a. varmekrevande artar som eik, hassel, krossved, kristtorn og myske i Hola inst i Vingepollen (SV-vendt). Dette er likevel ikkje edellauvskog slik ein kan finna på andre sør og vestvende stader i distriktet med meir lausmassar. Her var det berre spreidde buskar og småtre i steinur og på berghyller.

**Utvalde naturtypar** har særskilde retningslinjer for å hindre at dei går tapt eller blir forringa (sjå Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven, og metodikk-kapitlet). I Vingen


landskapsvernområde har vi funne to lokalitetar av den utvalde naturtypen kystlynghei (krav til verdi A eller B, våre to har verdi B). Den tredje, lokalitet 4 vest for Avløysningsskjeret mot Vingelva, har verdi C og vert ikkje rekna som utvald naturtype. Denne nokså attgrodd, og det vil vera ei prioriteringssak om ein ønskjer å ta opp att skjøtselen her.




**Figur 4.** Oversikt over alle dei registrerte naturtypelokalitetane i Vingen landskapsvernområde. Grøn strek viser avgrensning av lokalitetar. Lokalitetsnummer er oppgjeve, jf. tabell 3. Tjukk raud strek er verneområdegrense.



**Figur 5.** Oversikt over registrerte naturtypelokalitetar i dei opne områda ved Vingen (Vingenterrassen). Grøn strek viser avgrensning av lokalitetar. Lokalitetsnummer er oppgjeve, jf. tabell 3. Tjukk raud strek er verneområdegrense.



**Figur 6.** Oversikt over registrerte naturtypelokalitetar i fjellsida vest og sør for Vingenterrassen. Grøn strek viser avgrensning av lokalitetar. Lokalitetsnummer er oppgjeve for lokalitetane 4-5, jf. tabell 3. Svart strek er gangruter, røde prikker er fossegrimemose, grøne prikker er hinnebregne, blå prikker er diverse oceaniske mosar. Tjukk raud strek er verneområdegrense.



**Figur 7.** Oversikt over registrerte naturtypelokalitetar i fjellet aust for Vingen. Grøn strek viser avgrensning av lokalitetar. Lokalitetsnummer er oppgjeve for lokalitetane 6-7, jf. tabell 3. Svart strek er gangruter, røde prikker er fossegrimemose, røde trekantar er praktdraugmose, grøne prikker er hinnebregne, blå prikker er diverse oceaniske mosar. Tjukk raud strek er verneområdegrense.



**Figur 8.** Oversikt over registrerte naturtypelokalitetar på Vingeset. Grøn strek viser avgrensning av lokalitetar. Lokalitetsnummer er oppgjeve for lokalitetane 8-10, jf. tabell 3. Ein har her velt å nytta flyfoto, noko som er umuleg for dei andre lokalitetane pga. fjellskugge. Ein kan t.d. tydeleg sjå nakne berg rundt lokalitetane. Tjukk raud strek er verneområdegrense.

## 3.6 Skildring av naturtypelokalitetar

Talet etter 3.6. i avsnittsnumra nedanfor (1-10) er lik lokalitetsnummer.

### 3.6.1 Vingenterrassen (naturbeitemark)

IID:	(ny)
Naturtype:	D04 naturbeitemark
Utforming:	D0430 fattig beiteeng
Verdi:	C
Undersøkt sist:	01.07.2021
Avgrensingspresisjon:	<20 meter

#### Områdeskildring:

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal og Sara Margrete Gilberg Nyjordet i oktober 2021, basert på eige feltarbeid 30.06.-01.07.2021, etter oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

*Plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på sørsida av Vingepollen i Vingen landskapsvernområde, Bremanger. Han omfattar strekninga Avløysningsskjeret-Harebakken-Vingen gard. Han grensar i nord til sjøen, elles til kystlynghei. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Avgrensinga er basert på topografisk kart og GPS-målingar i felt. Ortofoto er därlege pga. fjellskugge.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Naturtypen er hovedsakelig D04 naturbeitemark av utforminga D0430 fattig beiteeng. Etter NiN 2.0 er dette T32-C4 intermediaær eng med klart hevd-preg. Vegetasjonen er dominert av gras som gulaks, englodnegras, raudsvingel, engkvein og smyle, i tillegg til mykje kystmaure.

*Artsmangfald:* Av planter kan nemnast m.a. finnskjegg, smalkjempe, kystgrisøyre, jordnøtt, blå-klokke, tepperot, geitsvingel, engfrytle og blåkoll. Ein kan rekna med at det er potensiale for beitemarkssopp, men dette er ikkje undersøkt.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Vingen er eit av dei største helleristningsfelta i Noreg og det mest urørte. Fleire konsentrasjonar av figurar og felt ligg i denne delen av området. Området har vore i bruk meir eller mindre kontinuerleg frå 1600-talet og fram til i dag, med ulike formar for bruk, m.a. til slåttemark og åker. I dag vert det beita av sau, og området vert rydda, og steinar og berg vert spraya med etanol for å halde mose og lav borte frå helleristningane.

*Framande arter:* Ingen observerte.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald og kontinuitet i skjøtsel i form av beiting. Området ligg i eit landskapsvernområde. Fysiske inngrep som utgravingar kan vere ueheldig for mangfaldet, særleg om det skulle finnast raudlista beitemarkssopp.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit gammalt og heilskapleg kulturlandskap med unike kulturhistoriske kvalitetar. Semi-naturleg eng førekjem nokså spreidd i regionen.

*Verdigrunngjeving:* Vurderinga er gjort etter faktaark for naturbeitemark (Bratli 2018). Lokaliteten får høg vekt på storleik (34 daa), oppnår såvidt ikkje inngangsverdi på arts Mangfald (men er likevel klart ei intakt semi-naturleg eng), oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar (men har potensiale for raudlista beitemarkssopp), får høg vekt på tilstand og høg vekt på påverknad. Han får derfor noko skjønsmessig verdi C (lokalt viktig). Verdien kan bli høgare etter eventuell undersøking av beitemarkssopp.

### 3.6.2 Vingenterrassen: Vatnet (flomdam)

IID:	(ny)
Naturtype:	E03 Kroksjø, flomdam og meandrerande elveparti
Utforming:	E0310 Tydeleg flompåverka flomdam
Verdi:	C
Undersøkt sist:	01.07.2021
Avgrensingspresisjon:	<20 meter

#### Områdeskildring:

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal og Sara Margrete Gilberg Nyjordet i oktober 2021, basert på eige feltarbeid 01.07.2021, etter oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

*Plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på sørsida av Vingepollen i Vingen landskapsvernområde, Bremanger. Han vert danna av ein flombekk, og er tydeleg ein dam som oppstår under flom og tørkar ut i tørkeperiodar, og tilfredsstiller derfor definisjonen av flomfastmark etter NiN 2.0. Lokaliteten ligg i sør boreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Avgrensinga er basert på topografisk kart og GPS-målingar i felt. Ortofoto er därlege pga. fjell-skugge.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Naturtypen er Kroksjø, flomdam og meanderande elveparti av utforminga Tydeleg flompåverka flomdam. Etter NiN 2.0 er dette mest truleg T18-C1 opne flomfastmarker på sand, grus og stein. Vegetasjonen er svært glissen.

*Artsmangfald:* Vegetasjonen langs kanten er dominert av planter som toler neddykking i kortare periodar, som til dømes trådsiv, myrmaure og grøftesoleie, og dessutan blåkoll, vårkål og snauveronika. Nedre delar har spreidd vegetasjon av vassplantar, til dømes antatt småvasshår. Det var fleire små vassplantar som var lite utvikla og derfor ikkje artsbestemt.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Vingen er eit av dei største helleristningsfelta i Noreg og det mest urørte. Fleire konsentrasjonar av figurar og felt ligg i denne delen av området. Området ligg i eit landskapsvernområde.

*Framande arter:* Ingen observerte.

*Skjøtsel og omsyn:* Ingen spesielle ut over å unngå inngrep.

*Del av helskapleg landskap:* Lokaliteten er ein type som truleg er uvanleg i regionen.

*Verdigrunngjeving:* Vurderinga er gjort etter faktaark for kroksjø, flomdam og meanderande elveparti pr. november 2014 (Miljødirektoratet 2015). Lokaliteten får låg vekt på typevariasjon, vekt på truga vegetasjonstypar er sett til låg under usikkerheit (rik kortskotstrand er EN etter Fremstad & Moen (2001), og vi har ikkje fått artsbestemt alt som veks her), han oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar og får høg vekt på påverknad. Han får under tvil verdi C (lokalt viktig) sjølv om han ikkje oppnår inngangsverdi på raudlisteartar, og det er usikkert om han har truga vegetasjonstypar.

### 3.6.3 Vingenterrassen søraust (kystlynghei)

IID:	(ny)
Naturtype:	D07 kystlynghei
Utforming:	D0708 kalkfattig kystfukthei
Verdi:	B
Undersøkt sist:	03.07.2021
Avgrensingspresisjon:	20-50 meter

#### Områdeskildring:

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal og Sara Margrete Gilberg Nyjordet i oktober 2021, basert på eige feltarbeid 01.-03.07.2021, etter oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

*Plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på sørsida av Vingepollen i Vingen landskapsvernområde, Bremanger. Han omfattar strekninga Avløysningsskjær-indre del av Vingepollen. Han grensar ved Avløysningsskjær-Vingen til naturbeitemarka Vingenterrassen og i vest til den meir gjengrodde kystlyngheia Vingenterrassen sørvest. Elles til sjøen, i sør til nordvendte kystberg (med gammal og svært attgrodde kystlynghei i botnen), i indre (austlege) del grensar lyngheia til nakne berg med lite eller ingen skjøtsel, men avgrensinga er her nokså usikker og skjønsmessig. Lokaliteten ligg i sørborreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Avgrensinga er basert på topografisk kart og GPS-målingar i felt. Ortofoto er därlege pga. fjellskugge.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Naturtypen er hovedsakelig D07 kystlynghei av utforminga D0708 kalkfattig kystfukthei. Etter NiN 2.0 er dette T34-C2 kalkfattige kystlyngheier. Dominerande artar i vegetasjonen er røsslyng i tillegg til krepling og einer på tørre parti, medan friskare parti har meir blokkebær, blåbær, skrubbær og smyle. Lokaliteten har spreidd med buskar og småtre av bjørk, rogn og osp. Det finst små engflekkar med tilsvarande vegetasjon som

naturbeitemarka på Vingenterassen. Det er spreidd innslag av bregner, i hovudsak skogburkne. Truleg har delar av lokaliteten vore semi-naturleg eng tidlegare, men er gått over til hei no.

**Artsmangfald:** Lokaliteten har mest trivielle artar, men det er noko rikare langs sig og fuktige berg med meir kravfulle artar som fjelltistel, loppestorr, hårstorr, grønnburkne, sumphaukeskjegg, grønstor og jordnøtt. Hinnebregne finst i nordvendte berg i heia. Elles er det funne blårapp, finnskjegg, heistorr (NT på 2021-raudlista), kystgrisøyre, raggtelg, smalkjempe og vivendel. Av oseaniske mosar kan nemnast fleinljåmose, gullhårmose, kysttvebladmose, pelssåtemose, småstylte og storstylte.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Vingen er eit av dei største helleristningselta i Noreg og det mest urørte. Fleire konsentrasjonar av figurar og felt ligg i denne delen av området. Området vert beita av sau, og har tidlegare vore nytta til beite i lang tid. I nedre delar av lokaliteten blir det rydda litt (einer) for å halde landskapet rundt nokre av helleristningane ope. Området ligg i eit landskapsvern-område.

**Framande arter:** Ingen observerte.

**Skjøtsel og omsyn:** Det er ønskjeleg med framhald og kontinuitet i skjøtsel i form av beiting. Rydding kan òg vera aktuelt. Kystlyngheia kan eventuelt brennast somme stader om det ikkje kjem i konflikt med kulturhistoriske verdiar.

**Del av helskapleg landskap:** Lokaliteten er ein del av eit gammalt og heilskapleg kulturlandskap med unike kulturhistoriske kvalitetar. Kystlynghei førekjem spreidd i regionen, men tilstanden er sterkt varierande.

**Verdigrunngjeving:** Vurderinga er gjort etter faktaark for kystlynghei pr. november 2014 (Miljødirektoratet 2015). Lokaliteten får middels vekt på storleik (158 daa), middels vekt på tilstand, høg vekt på påverknad/bruk og oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar. Han får derfor verdi B (viktig).

### 3.6.4 Vingen vest: Grunneberget-Avløysningsskjeret (kystlynghei)

IID:	(ny)
Naturtype:	D07 kystlynghei
Utforming:	D0708 kalkfattig kystfukthei
Verdi:	C
Undersøkt sist:	01.07.2021
Avgrensingspresisjon:	20-50 meter

#### Områdeskildring:

**Innleiing:** Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal og Sara Margrete Gilberg Nyjordet i oktober 2021, basert på eige feltarbeid 02.07.2021, etter oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

**Plassering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg på sørsida av Vingepollen i Vingen landskapsvern-område, Bremanger. Han omfattar strekninga Grunneberget-Avløysningsskjeret (dvs. sørvestre del av landskapsvern-området). Han grensar ved Avløysningsskjeret til kystlynghei av betre tilstand, elles til sjøen, i sør skjønsmessig til nordvendte kystberg (med gammal og svært attgrodd kystlynghei i botnen). Lokaliteten ligg i sør-boreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Avgrensinga er basert på topografisk kart og GPS-målingar i felt. Ortofoto er därlege pga. fjell-skugge.

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er hovedsakelig D07 kystlynghei av utforminga D0708 kalkfattig kystfukthei, som er sterkt attgrodd med buskar og skog. Sidan ein er litt usikker på historia, kan ein heller ikkje utelukka at deler av lokaliteten er boreal hei. Etter NiN 2.0 er

dette for det meste T34-C2 kalkfattige kystlyngheier (eventuelt T31-C2 kalkfattig boreal lynghei). Lokaliteten har i tillegg ein del rasmark, for det meste dekt av røsslyngvegetasjon. Det er eit spreidd til nærest heildekande tresjikt med mykje bjørk i tillegg til m.a. rogn. I feltsjiktet dominerer røsslyng, medan andre typar lyng finst i friskare parti. Variasjonen frå friske parti til rasmark gir utslag i variert vegetasjon.

*Artsmangfald:* Verdt å nemne er den oseaniske hinnebregna som finst fleire plassar. Det vart òg funne enghumleblom, fagerperikum, heistorr (NT på 2021-raudlista), hengjeaks, jordnøtt, kystmaure, loppestorr, myske, raggtelg, skogfiol, svartburkne, taggbregne og vivendel, somme av desse er litt kalkrevande. Elles er det mest typiske heiartar. Ulike oseaniske mosar som grannkrekmose, gullhårmose, kysttvebladmose, pelssåtemose, praktvebladmose, småstylte og storstylte vart også funne, og understrekar det svært fuktige lokalklimaet.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Vingen er eit av dei største helleristningsfelta i Noreg og det mest urørte. Fleire konsernasjonar av figurar og felt ligg i denne delen av området. Området har tidlegare vore nytta til beite i lang tid, men vert lite beita i dag. Området ligg i eit landskapsvernområde.

*Framande arter:* Ingen observerte, men europalerk (ikkje risikovurdert) er ein uønska art som finst nær verneområdegrensa i vest, og sitkagran/lutzgran (kategori SE – svært høg risiko) finst nær landskapsvernområdet i vest.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg å ta opp att skjøtsel i form av rydding og beiting, kanskje også brenning. Ein bør følgja med på, og ideelt sett helst fjerna sitkagran/lutzgran rett utanfor verneområdegrensa i vest. Desse vil utan tiltak nokså sikkert spreia seg inn i landskapsvernområdet.

*Del av helskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit gammalt og heilsapleg kulturlandskap med unike kulturhistoriske kvalitetar. Kystlynghei førekjem spreidd i regionen, men tilstanden er sterkt varierande.

*Verdigrunngjeving:* Vurderinga er gjort etter faktaark for kystlynghei pr. november 2014 (Miljødirektoratet 2015). Lokaliteten får låg vekt på storleik (81 daa), låg vekt på tilstand, høg vekt på påverknad/bruk og oppnår ikkje inngangsverdi på raudlisteartar. Han får derfor verdi C (lokalt viktig).

### 3.6.5 Vingen sør (nordvendte kystberg)

<b>IID:</b>	(ny)
<b>Naturtype:</b>	B04 nordvendte kystberg
<b>Utforming:</b>	B0404 fattig boreonemoralt oseanisk berg
<b>Verdi:</b>	A
<b>Undersøkt sist:</b>	03.07.2021
<b>Avgrensingspresisjon:</b>	20-50 meter

#### Områdeskildring:

*Innleiing:* Skildringa er skiven av John Bjarne Jordal og Sara Margrete Gilberg Nyjordet i oktober 2021, basert på eige feltarbeid 01.-03.07.2021, etter oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

*Plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på sørsida av Vingepollen i Vingen landskapsvernområde, Bremanger. Han omfattar den nordvendte fjellsida ovanfor Avløysningsskjeren og Vingen gard. Han grensar til kystlynghei i nord. I sør og aust er avgrensinga usikker på grunn av manglande undersøkingar (svært vanskeleg tilgjengeleg terrenge). Lokaliteten ligg dels i sørboreal og dels i mellomboreal vegetasjonssone (SB/MB) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Avgrensinga er basert på topografisk kart og GPS-målingar i felt. Ortofoto er därlege pga. fjellskugge.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Naturtypen er hovedsakelig B04 nordvendte kystberg av utforminga B0404 fattig boreonemoralt oseanisk berg. Berga er intermediære til svakt kalkrike. Dominerande artar i vegetasjonen utanom berga er eit tresjikt med bjørk og eit feltsjikt med m.a. ein del røsslyng og blåtopp, og stadvis lågurtvegetasjon. Etter NiN 2.0 er dei viktigaste delene av lokaliteten T1-C5 Lite uttørkingseksponeerte sterkt intermediære og litt kalkrike nakne berg.

*Artsmangfald:* Av planter kan nemnast m.a. store bestandar av hinnebregne (kjenneteiknande art), elles blårapp, enghumleblom, fagerperikum, fjellfrøstjerne, fjellkvitkurle, fjellsmelle, fjelltistel, grønbukne, gulsildre, gulstorr, heistorr, hengeaks, hårstorr, kranskronvall, krossved, loppestorr, myske, raggtelg, sanikel, skogfiol, svarttopp, trollurt og vivendel, dvs. nokså mange kalkrevande artar. Av mosar kan nemnast særleg mange førekjemstar av fossegrimemose (2015: VU, 2021: EN), som har sine viktigaste norske bestandar i Bremanger. Truleg finst mange førekjemstar av denne i tillegg i store deler av lia. Elles førekjem mange oseaniske mosar som dronningmose, fleinljåmose, grannkrekmose, gullhårmose, heimose, kysttvebladmose, pelssåtemose, praktvebladmose, småstykte og storstykte. Nokre mosar er også litt kalkrevande som putevrimose, kammos og krusfellmose.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er lite påverka i dag, men har tidlegare truleg vore nytta til beite i lang tid i dei delene mellom berga der dyr kan koma fram. Området ligg i eit landskapsvern-område. Klimaendringar kan koma til å endra vilkåra for dei mange oseaniske artane.

*Framande arter:* Ingen observerte.

*Skjøtsel og omsyn:* Det beste er at området får ligga i fred, men beiting i tilgjengelege deler gjer ingen skade.

*Del av helskapleg landskap:* Nordvendte kystberg av liknande utforming førekjem spreidd i kommunen.

*Verdigrunngjeving:* Vurderinga er gjort etter faktaark for nordvendte kystberg pr. desember 2014 (Miljødirektoratet 2015). Lokaliteten får høg vekt på arts Mangfald (fossegrimemose vert vurdert til EN på 2021-raudlista, lokaliteten har dessutan ein stor og nasjonalt viktig bestand av denne arten), høg vekt på storleik (318 daa), og høg vekt på påverknad/bruk. Han får derfor verdi A (svært viktig).

### 3.6.6 Sørdalen sør (nordvendte kystberg)

<b>IID:</b>	(ny)
<b>Naturtype:</b>	B04 nordvendte kystberg
<b>Utforming:</b>	B0404 fattig boreonemoralt oseanisk berg
<b>Verdi:</b>	A
<b>Undersøkt sist:</b>	02.07.2021
<b>Avgrensingspresisjon:</b>	20-50 meter

#### Områdeskildring:

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal og Sara Margrete Gilberg Nyjordet i oktober 2021, basert på eige feltarbeid 02.07.2021, etter oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

*Plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved Sørdalen i austre og høgareliggjande del av Vingen landskapsvern-område, Bremanger. Han omfattar den nordvendte fjellsida sør for Bjørneskora. Han grensar til trivell bjørkeskog i nord. I sør og aust er avgrensinga usikker på grunn av manglende undersøkingar (svært vanskeleg tilgjengeleg terrenget), men det er mest bratte berghamarar. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3).

Avgrensinga er basert på topografisk kart og GPS-målingar i felt. Ortofoto er därlege pga. fjellsugge.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Naturtypen er hovedsakelig B04 nordvendte kystberg av utforminga B0404 fattig boreonemoralt oseanisk berg. Berga er intermediære til svakt kalkrike. Dominerande artar i vegetasjonen utanom berget er eit tresjikt med bjørk og eit feltsjikt med m.a. ein del røsslyng og blåtopp, men også lågurtvegetasjon i bergerota. Etter NiN 2.0 er dei viktigaste delene av lokaliteten T1-C5 Lite uttørkingseksponeerte sterkt intermediære og litt kalkrike nakne berg.

*Artsmangfald:* Av planter kan nemnast bestandar av hinnebregne (kjenneteiknande art), elles m.a. bergfrue, bjørnebrodd, blårapp, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, fjelltistel, gulstorr, loppestorr, sanikel, skogfiol, sumphaukeskjegg, svartstorr, og taggbregne, altså nokså mange kalkrevande artar. Av mosar kan nemnast fleire førekommstar av fossegrimemose (2015: VU, 2021: EN), som har sine viktigaste norske bestandar i Bremanger. Andre mosar elles fanst fleinljåmose, kammose, krusfellmose, pelssåtemose, praktvebladmose, putevrismose og småstylte, altså både oseaniske og litt kalkkre-vande mosar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er lite påverka i dag. Området ligg i eit landskapsvernområde.

*Framande arter:* Ingen observerte.

*Skjøtsel og omsyn:* Det beste er at området får ligga i fred, men beiting i tilgjengelege delar gjer ingen skade.

*Del av helskapleg landskap:* Nordvendte kystberg av liknande utforming førekjem spreidd i kommunen.

*Verdigrunngjeving:* Vurderinga er gjort etter faktaark for nordvendte kystberg pr. desember 2014 (Miljødirektoratet 2015). Lokaliteten får høg vekt på arts Mangfald (fossegrimemose vert vurdert til EN på 2021-raudlista), middels vekt på storleik (14,9 daa), og høg vekt på påverknad/bruk. Han får derfor verdi A (svært viktig).

### 3.6.7 Sørdalen aust (nordvendte kystberg)

<b>IID:</b>	(ny)
<b>Naturtype:</b>	B04 nordvendte kystberg
<b>Utforming:</b>	B0404 fattig boreonemoralt oseanisk berg (50%), B0406 borealt oseanisk berg og hei (50%)
<b>Verdi:</b>	A
<b>Undersøkt sist:</b>	02.07.2021
<b>Avgrensingspresisjon:</b>	<20 meter

#### Områdeskildring:

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal og Sara Margrete Gilberg Nyjordet i oktober 2021, basert på eige feltarbeid 02.07.2021, etter oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

*Plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg aust for Sørdalen i austre og høgareliggjande del av Vingen landskapsvernområde, Bremanger. Han omfattar ei nordvendt fjellsida aust for Bjørneskora. Han grensar til triviell bjørkeskog i nord. I sør og aust er avgrensinga usikker på grunn av manglande undersøkingar (svært vanskeleg tilgjengeleg terrenget), men det er mest bratte berghamarar. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon

(O3). Avgrensinga er basert på topografisk kart og GPS-målingar i felt. Ortofoto er därlege pga. fjell-skugge.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Naturtypen er hovedsakelig B04 nordvendte kystberg, dels av utforminga B0406 borealt oseanisk berg og hei og dels utforminga B0404 fattig boreo-nemoralt oseanisk berg. Etter NiN 2.0 er dei viktigaste delene av lokaliteten T1-C5 Lite uttørkings-eksponerte sterkt intermediære og litt kalkrike nakne berg, elles finst T2-C3 Open intermediær grunnlendt lyngmark og overgangar mellom T31-C5 Intermediær boreal lynghei og T31-C2 Kalkfattig boreal lynghei.

*Artsmangfald:* Av planter kan nemnast bestandar av hinnebregne (kjenneteiknande art), elles m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, engbrudespore, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, fjelltistel, grønstorr, gulstorr, hengjeaks, hårstorr, rosenrot, skogfiol, svartstorr, svarttopp, taggbregne, tranestorr, altså fleire kalkkrevande artar. Av mosar kan nemnast fleire førekommstar av fossegrimemose (2015: VU, 2021: EN), som har sine viktigaste norske bestandar i Bremanger, og dessutan nokre førekommstar av praktdraugmose (2015: NT, 2021: VU). Begge desse er sterkt oseaniske artar. Elles var det funne andre oseaniske mosar som gullhårmose, heimose, pelssåtemose, prakttvebladmose og småstytte.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er lite påverka i dag, men har tidlegare truleg dels vore nytta til beite (areal utanom berga). Området ligg i eit landskapsvernområde.

*Framande arter:* Ingen observerte.

*Skjøtsel og omsyn:* Det beste er at området får ligga i fred, men beiting i tilgjengelege delar gjer ingen skade.

*Del av helskapleg landskap:* Nordvendte kystberg av liknande utforming førekjem spreidd i kommunen.

*Verdigrunngjeving:* Vurderinga er gjort etter faktaark for nordvendte kystberg pr. desember 2014 (Miljødirektoratet 2015). Lokaliteten får høg vekt på arts Mangfald (fossegrimemose vert vurdert til EN på 2021-raudlista), middels vekt på storleik (7,3 daa), og høg vekt på påverknad/bruk. Han får derfor verdi A (svært viktig).

### 3.6.8 Vingeset (kystlynghei)

<b>IID:</b>	(ny)
<b>Naturtype:</b>	D07 kystlynghei
<b>Utforming:</b>	D0708 kalkfattig kystfukthei
<b>Verdi:</b>	B
<b>Undersøkt sist:</b>	01.07.2021
<b>Avgrensingspresisjon:</b>	<20 meter

#### Områdeskildring:

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal og Sara Margrete Gilberg Nyjordet i oktober 2021, basert på eige feltarbeid 01.07.2021, etter oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

*Plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved Vingeset på nordsida av Vingepollen i Vingen landskapsvernområde, Bremanger. Han grensar i sør og vest til sjøen, i nord og aust grensar lyngheia til nakne og bratte berg med lite eller ingen skjøtsel, her går det også enkelte gjerde. Lokaliteten ligg i sør-boreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Naturtypen er hovedsakelig D07 kystlynghei av utforminga D0708 kalkfattig kystlynghei. Etter NiN 2.0 er dette T34-C2 kalkfattige kystlyngheier. Inne i lokaliteten ligg eit par små myrer. Kystlyngheia er fattig med innslag av delvis tørre grunnlendte parti og stadvis litt fuktigare parti, og har små flekkar med overgangar mot semi-naturleg eng, særleg ved nokre gamle murar etter hus ned mot sjøen. Det finst òg ein del nakent berg og nokre store steinblokker. Lokaliteten har mykje røsslyng og bjønnskjegg, friske parti har ein del einstape. Busksjikt med noko einer og øyrevier, i tillegg til spreidd innslag av lauvtre som bjørk, osp og rogn saman med noko furu. På grunnlendte berg finst m.a. mjølbær.

*Artsmangfald:* Lokaliteten har mange vanlege hei-arter (jf. Artskart). Her kan nemnast oseaniske arter som heisiv og heistorr (den siste kjem inn på raudlista i 2021 som NT). Innimellom finst typiske arter for semi-naturleg eng som jordnøtt, finnskjegg, gulaks, kystmaure, knegras, tepperot og ti-rittunge. Hekkeindikasjon på strandsnipe og tjeld, elles observert heipiplerke og gauk (NT). Det vart også observert oter (VU) heilt inntil berget i sør.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Vingen er eit av dei største helleristningsfelta i Noreg og det mest urørte. Fleire konsentrasjonar av figurar og felt ligg i denne delen av området. Det finst nokre gamle murar etter hus ned mot sjøen. Området vert beita av sau, og har tidlegare vore nytt til beite i lang tid. Ein del av heia har vore brent dei seinare åra, og det er planar om å halde fram med brenninga når tilhøva tillet det. Det er òg fokus på å halde nede einstape, som blir sett på som ein problemart. Det er rydda ein del lauvoppslag og einer, deler av lokaliteten er likevel kledd med skog eller busker. Området ligg i eit landskapsvernområde.

*Framande arter:* Ingen observerte.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald og kontinuitet i skjøtsel i form av beiting og brenning. Det er ein del skog og busker som kan ryddast. Kystlyngheia kan brennast der det ikkje kjem i konflikt med kulturhistoriske verdiar, og ein brenner litt allereie. Om ein ønskjer å bli kvitt einstape bør ein slå han minst to gongar i sesongen.

*Del av helskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit gammalt og heilsapleg kulurlandskap med unike kulturhistoriske kvalitetar. Kystlynghei førekjem spreidd i regionen, men tilstanden er sterkt varierande.

*Verdigrunngjeving:* Vurderinga er gjort etter faktaark for kystlynghei pr. november 2014 (Miljødirektoratet 2015). Lokaliteten får middels vekt på storleik (111 daa), middels vekt på tilstand, høg vekt på påverknad/bruk og låg vekt på raudlisteartar. Han får derfor verdi B (viktig).

### 3.6.9 Vingeset, sørlege myr (kystmyr)

<b>IID:</b>	(ny)
<b>Naturtype:</b>	A08 kystmyr
<b>Utforming:</b>	A0803 jordvassmyr
<b>Verdi:</b>	C
<b>Undersøkt sist:</b>	01.07.2021
<b>Avgrensingspresisjon:</b>	<20 meter

#### Områdeskildring:

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal og Sara Margrete Gilberg Nyjordet i oktober 2021, basert på eige feltarbeid 01.07.2021, etter oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

*Plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg inne på Vingeneset på nordsida av Vingepollen i Vingen landskapsvernombord, Bremanger. Han grensar til kystlynghei på alle kantar. Lokaliteten ligg i sør boreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Naturtypen er hovedsakelig A08 kystmyr av utforming A0803 jordvassmyr. Etter NiN 2.0 er dette V1-C5 svært og temmeleg kalkfattige myrkantar.

*Artsmangfald:* Lokaliteten har typisk vegetasjon for fattig myr, med artar som rome, bjønnskjegg, blåtopp, duskull, hundekvein, klokkeling og stjernestorr. Vi fann dessutan grønstor som er ein litt meir kravfull art. Torvmosar dominerer i botnsjiktet.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Det har vore tatt noko torv. Denne myra har gjeve mykje viktig kunnskip om vegetasjonshistoria i området basert på ein borekjerne frå topp til botn i myra (Hjelle & Lødøen 2017). Området vert beita av sau, og har tidlegare vore nytta til beite i lang tid. Området ligg i eit landskapsvernombord.

*Framande arter:* Ingen observerte.

*Skjøtsel og omsyn:* Beiting kan halda fram sjølv om det ikkje er naudsynt for verdiane i myra.

*Del av helskapleg landskap:* Kystmyr førekjem spreidd i regionen.

*Verdigrunngjeving:* Vurderinga er gjort etter faktaark for kystmyr pr. november 2014 (Miljødirektoratet 2015). Lokaliteten får låg vekt på storleik (2,5 daa), middels vekt på typevariasjon, høg vekt på tilstand/hydrologi og middels vekt på biogeografi. Han får derfor verdi C (lokalt viktig).

### 3.6.10 Vingeneset, nordlege myr (kystmyr)

**IID:** (ny)

**Naturtype:** A08 kystmyr

**Utforming:** A0803 jordvassmyr

**Verdi:** C

**Undersøkt sist:** 01.07.2021

**Avgrensingspresisjon:** <20 meter

#### Områdeskildring:

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal og Sara Margrete Gilberg Nyjordet i oktober 2021, basert på eige feltarbeid 01.07.2021, etter oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland.

*Plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg inne på Vingeneset på nordsida av Vingepollen i Vingen landskapsvernombord, Bremanger. Han grensar til kystlynghei på alle kantar. Lokaliteten ligg i sør boreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3). Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt.

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Naturtypen er hovedsakelig A08 kystmyr av utforming A0803 jordvassmyr. Etter NiN 2.0 er dette V1-C5 svært og temmeleg kalkfattige myrkantar.

*Artsmangfald:* Lokaliteten har typisk vegetasjon for fattig myr, med artar som rome, bjønnskjegg, blåtopp, klokkeling og stjernestorr. Det kjem noko einer og einstape inn frå kantane.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vert beita av sau, og har tidlegare vore nytta til beite i lang tid. Området ligg i eit landskapsvernombord.

*Framande arter:* Ingen observerte.

*Skjøtsel og omsyn:* Beiting kan halda fram sjølv om det ikkje er naudsynt for verdiane i myra.

*Del av helskapleg landskap:* Kystmyr førekjem spreidd i regionen.

*Verdigrunngjeving:* Vurderinga er gjort etter faktaark for kystmyr pr. november 2014 (Miljødirektoratet 2015). Lokaliteten får låg vekt på storleik (0,7 daa), middels vekt på typevariasjon, høg vekt på tilstand/hydrologi og middels vekt på biogeografi. Han får derfor verdi C (lokalt viktig).

### 3.7 Lokalitetsbilete



Lokalitet 1 Vingenterras-sen, naturbeitemark. Oversikt frå litt oppi sida, med utsikt over fjorden mot Vingeneset. Foto: SMGN.




Lokalitet 1 Vingenterras-sen, naturbeitemark. Vingebu og bryggja til venstre, Vatnet til høgre. Foto: JBJ.



Lokalitet 1 Vingenterrassen, naturbeitemark.  
Her kom ein flokk utegangarsau og beita, eit nokså naudsyt tiltak om ein vil bevara eit ope kulturlandskap her.  
Foto: JBJ.



Lokalitet 1 Vingenterrassen, naturbeitemark.  
Her er fleire mindre rydningsrøyser, som tyder på at det har vore både slåttemark og åker for lenge sidan. Foto: SMGN.



Lokalitet 1 Vingenterrassen, naturbeitemark.  
Her ser ein ei av helleristningane som er så typiske for Vingen. Foto: SMGN.



Lokalitet 2 Vatnet på Vingenterrassen, flom-dam. Denne dammen vert fylt når bekken har godt med vatn, og tørkar så ut når vassføringa blir lita. Foto: SMGN.



Lokalitet 2 Vatnet på Vingenterrassen, flom-dam. Her ser ein nokre av dei små plantene som veks på botnen av vatnet, dei toler godt å vere neddykka i perio-dar, og trivst på finkorna fuktig jord. Foto: SMGN.



Lokalitet 3 kystlyngheia i Vingen. Denne lyngheia er framleis open, men er avhengig av tradisjonell drift om ein ønskjer å ha ho slik i framtida. Foto: SMGN.



Lokalitet 3 kystlyngheia i Vingen. Her er mykje nakne berg og steinblokker innimellan lyngen, mange av dei med helleristningar slik som berget i forgrunnen. Foto: SMGN.



Lokalitet 4 kystlyngheia vest for Vingenterrasen. Mellom Avløysningsskjeret på Vingenterassen og Vingelva er det stort sett attgrodde kystlynghei med busker, tre og høg lyng. Å ta vare på denne krev eit høgare ambisjonsnivå enn å ta vare på dei opne områda næraast Vingen. Foto: SMGN.



Lokalitet 4 kystlyngheia vest for Vingenterrasen. Dette er ei attgrodde lystlynghei med ein del skog i eit krevande terreng med mykje stein og høg lyng. Foto: SMGN.



Lokalitet 5 sør for Ving-enterrassen, nord-vendte kystberg. Sara peikar på ein førekomst av fossegrimemose i berget. Vegetasjonen er mange stader grasrik med ein del blåtopp.  
Foto: JBJ.



Lokalitet 5 sør for Ving-enterrassen, nord-vendte kystberg. Når vi tok oss tid til å klatra i berget fann vi ofte fleire førekomstar av fossegrimemose. Denne arten har truleg gode bestandar i Vingen. Foto: JBJ.



Lokalitet 6 Sørdalen sør, nordvendte kystberg. Dette er eit bergvegg-system rundt 350 moh der vi fant fleire førekomstar av fossegrimemose (VU), og der det sikkert er mange uoppdagde førekomstar. Foto: SMGN.



Lokalitet 7 Sørdalen aust, nordvendte kystberg. Dette er låge berg og hei der det vart funne både praktdraugmose (VU) og fossegri-memose (VU). Foto: SMGN.



Lokalitet 8 Vingeset, kystlynghei. I framgrunnen visest eit område som er brent. Elles er det ein del einstape her, ein problemart som ein berre blir kvitt med aktiv fjerning fleire gonger i sesongen. Foto: SMGN.



Lokalitet 8 Vingeset, kystlynghei. Deler av denne lynnheia er i attgroing med skog, men er inngjerda og noko beita. Foto: SMGN.



Lokalitet 9 Vingeset sør, kystmyr. Her er det teke ut prøvar for pollenanalyse frå topp til botn i myra, noko som har gjeve eit interessant innblikk i vegetasjonshistoria i området (Hjelle & Lødøen 2017).  
Foto: SMGN.



Lokalitet 10 Vingeset nord, kystmyr. Dette er ei ganske lita myr omgjeve av kystlynghei.  
Foto: SMGN.

## 4 VURDERING AV KUNNSKAPSGRUNNLAGET

---

Kunnskapsgrunnlaget for naturmangfald i Vingen landskapsvernområde var tidlegare dårleg. I Artskart fanst frå tidlegare berre nokre lav- og fugleobservasjonar. Med denne kartlegginga har ein fått fram meir kunnskap om artar og naturtypar i tråd med føremålet. Etter denne kartlegginga kan ein karakterisera kunnskapsgrunnlaget som middels når det gjeld naturtypar, middels når det gjeld artar av karplanter og nokså mangelfullt når det gjeld mosar. For alle andre artsgrupper er kunnskapsgrunnlaget dårleg til ikkje-eksisterande.

Dei viktigaste kunnskapshola kring naturmangfald i Vingen landskapsvernområde som kan tettast med ytterlegare kartlegging er lista opp her:

- Framleis er det mangelfull kunnskap om nordvendte kystberg, som er ein av dei mest interessante og viktige naturtypane her, og dei tilhøyrande artane særleg av oseaniske mosar (som også kan innehalda fleire raudlisteartar); det er ønskjeleg med ei betre kartlegging av dei bratte, nordvendte områda
- Kunnskap om alle artsgrupper (men karplanter kan ha lågare prioritet)
- Viktige viltområde, særleg for fugl
- Kalkrike område (vi har funne einskilde område med kalkkrevande planter som viser eit potensiale), desse er ofte vesentleg meir artsrike enn fattigare område

## 5 KJELDER

---

- Artsdatabanken 2018a. Norsk rødliste for naturtyper 2018. Hentet 11.10.21 fra <https://www.artsdatabanken.no/rodliste/naturtyper>
- Artsdatabanken 2018b. Fremmedartslista 2018. Hentet 11.10.21 fra <https://www.artsdatabanken.no/fremmedartslista2018>
- Artsdatabanken & GBIF 2021. Artkart. Hentet 11.10.2021 fra <https://artskart.artsdatabanken.no/>
- Bakkestuen, V., Erikstad, L., & Halvorsen, R. (2008). Step-Less Models for Regional Environmental Variation in Norway. *Journal of Biogeography*, 35(10), 1906-1922. Hentet 11.10.21 fra <http://www.jstor.org/stable/20143407>
- Bjelland, T. 2002. Weathering in saxicolous lichen communities: A geobiological research project. Dr. scient.-avhandling ved Universitetet i Bergen.
- Bjelland T., Thorseth I.H. 2002. Comparative studies of the lichen–rock interface of four lichens in Vingen, western Norway. *Chemical Geology* 192: 81-98.
- Bratli, H. 2018. Naturbeitemark. Faktaark med oppdatering ift. NiN 2.0 juni 2018.
- Fremstad, E. & Moen A. 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU, Vitenskapsmuseet. Rapport botanisk serie 2001-4. 231 s.
- Henriksen, S., & Hilmo, O. 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge. Hentet 11.10.2021 fra <https://www.artsdatabanken.no/Rodliste>
- Hjelle, K.L. & Lødøen, T. 2017. Dating of rock art and the effect of human activity on vegetation: The complementary use of archaeological and scientific methods. *Quaternary Science Reviews* 168: 194-207.
- Hovstad, K.A. & Mandt, G. 2001. Skjøtsel av landskapet for å sikre bergkunst. s. 32 i: Hamre, L.N. & Austad, I. (red.) Nordisk forskerseminar om gjengroing av kulturmark. Smmendrag av foredrag og posterpresentasjoner 15.-18. september 2001. Høgskulen i Sogn og Fjordane rapport 9/01.
- Lødøen, T.K., Mandt, G. 2012. Vingen - et naturens kolossalmuseum for helleristninger. Institutt for sammenlignende kulturforskning Serie B: Skrifter Vol CXLVI. Akademika forlag.
- Miljødirektoratet 2015. Veileder for kartlegging, verdisetting og forvaltning av naturtyper på land og i ferskvann. Utkast til faktaark.
- NGU 2021. Berggrunnskart 1:250.000. Hentet 11.10.2021 fra [https://geo.ngu.no/kart/arealis\\_mobil/](https://geo.ngu.no/kart/arealis_mobil/)
- Statsforvaltaren i Vestland 2021. Vingen landskapsvernområde. Framlegg til forvaltningsplan mai 2021. Hentet 27.10.2021 fra <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyringar/2021/08/hoyring-av-forvaltningsplan-for-vingen-landskapsvernomrade/>

### Muntlege kjelder

Trond Lødøen, Tom Dybwad

## 6 VEDLEGG (ARTSLISTER)

Tabellen nedanfor inneholder arter registrerte under feltarbeidet, F=fugl (6), L=lav (1), M=mosar (40), P=karplanter (182), Pat=pattedyr (1), S=sopp (1). N er talet på funn som er noterte. Mange vanlige arter er berre notert få gonger. Funna våre er gjort tilgjengelege i Artskart. \*rekna som oseaniske mosar (jf. figur 6-7). <sup>1</sup> rekna som kalkkrevende karplante. Lys grå markering er framandart.

Org	Norsk namn	Vitskapleg namn	N
F	fiskemåse	<i>Larus canus</i>	2
F	gauk	<i>Cuculus canorus</i>	2
F	heipiplerke	<i>Anthus pratensis</i>	2
F	ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	1
F	strandsnipe	<i>Actitis hypoleucus</i>	1
F	tjeld	<i>Haematopus ostralegus</i>	1
L	skålfiltlav	<i>Protopannaria pezizoides</i>	1
M	bekkerundmose	<i>Rhizomnium punctatum</i>	1
M	berghinnemose	<i>Plagiochila poreloides</i>	2
M	bergpolstermose	<i>Amphidium mougeotii</i>	4
M	blodnøkkemose	<i>Sarmentypnum sarmentosum</i>	3
M	dronningmose*	<i>Hookeria lucens</i>	1
M	fingersaftmose	<i>Riccardia palmata</i>	1
M	fleinljåmose*	<i>Dicranodontium denudatum</i>	3
M	fossegrimemose*	<i>Herbertus stramineus</i>	16
M	glansperlemose	<i>Lejeunea cavifolia</i>	1
M	grannkrekmose*	<i>Lepidozia pearsonii</i>	1
M	gullhårmose*	<i>Bretelia chrysocoma</i>	19
M	heigråmose	<i>Racomitrium lanuginosum</i>	1
M	heimose*	<i>Anastrepta orcadensis</i>	2
M	kammose	<i>Ctenidium molluscum</i>	6
M	krusfellmose	<i>Exsertotheca crispa</i>	3
M	kystjamnemose	<i>Plagiothecium undulatum</i>	2
M	kystperlemose*	<i>Lejeunea patens</i>	1
M	kysttornemose	<i>Mnium hornum</i>	6
M	kysttvebladmose*	<i>Scapania gracilis</i>	7
M	leirlurv	<i>Fossombronia wondraczekii</i>	1
M	mattehutremose	<i>Marsupella emarginata</i>	1
M	myrstjernemose	<i>Campylium stellatum</i>	1
M	pelssåtemose*	<i>Campylopus atrovirens</i>	14
M	piggtrådmose	<i>Blepharostoma trichophyllum</i>	1
M	praktdraugmose*	<i>Anastrophyllum donnianum</i>	6
M	praktveblad-mose*	<i>Scapania ornithopodioides</i>	17
M	putevrimose	<i>Tortella tortuosa</i>	2
M	rustmose	<i>Tetralophozia setiformis</i>	2
M	ryemose	<i>Antitrichia curtipendula</i>	1
M	raudmakkmose	<i>Scorpidium revolvens</i>	3
M	rødmesigmose	<i>Blindia acuta</i>	1
M	raudmuslingmose	<i>Mylia taylorii</i>	10
M	skortejuvmose	<i>Anoectangium aestivum</i>	3
M	skyggehusmose	<i>Hylocomiastrum umbratum</i>	1
M	småstytle	<i>Bazzania tricrenata</i>	10

Org	Norsk namn	Vitskapleg namn	N
M	stivilommemose	<i>Fissidens osmundoides</i>	1
M	storkransmose	<i>Hylocomiadelphus triquetrus</i>	2
M	storstytle	<i>Bazzania trilobata</i>	7
M	stripefoldmose	<i>Diplophyllum albicans</i>	7
M	sveltsaftmose	<i>Riccardia latifrons</i>	1
M	sveltskovlmose	<i>Odontoschisma sphagni</i>	1
M	tannflak	<i>Calypogeia fissa</i>	1
M	torvflak	<i>Calypogeia neesiana</i>	1
M	tråddraugmose	<i>Sphenolobus minutus</i>	4
P	arve	<i>Cerastium fontanum</i>	1
P	bakkefølblom	<i>Scorzoneraoides autumnalis autumnalis</i>	1
P	bergfrue	<i>Saxifraga cotyledon</i>	4
P	bjørk	<i>Betula pubescens</i>	6
P	bjørnebrodd	<i>Tofieldia pusilla</i>	7
P	bjørnekam	<i>Blechnum spicant</i>	3
P	bjørneskjegg	<i>Trichophorum cespitosum</i>	3
P	bleikstorr	<i>Carex pallescens</i>	1
P	blokkebær	<i>Vaccinium uliginosum</i>	2
P	blåbær	<i>Vaccinium myrtillus</i>	5
P	blåklokke	<i>Campanula rotundifolia</i>	12
P	blåknapp	<i>Succisa pratensis</i>	5
P	blåkoll	<i>Prunella vulgaris</i>	2
P	blårapp	<i>Poa glauca</i>	7
P	blåtopp	<i>Molinia caerulea</i>	6
P	bringebær	<i>Rubus idaeus</i>	1
P	brudespore <sup>1</sup>	<i>Gymnadenia conopsea</i>	1
P	bråtestorr	<i>Carex pilulifera</i>	3
P	bukkeblad	<i>Menyanthes trifoliata</i>	1
P	duskull	<i>Eriophorum angustifolium</i>	2
P	dvergjamne	<i>Selaginella selaginoides</i>	4
P	eik	<i>Quercus</i>	2
P	einer	<i>Juniperus communis</i>	4
P	einstape	<i>Pteridium aquilinum</i>	4
P	engfrytle	<i>Luzula multiflora multiflora</i>	2
P	enghumleblom <sup>1</sup>	<i>Geum rivale</i>	4
P	engkvein	<i>Agrostis capillaris</i>	3
P	englodnegras	<i>Holcus lanatus</i>	2
P	engrapp	<i>Poa pratensis</i>	1
P	engsoleie	<i>Ranunculus acris acris</i>	2
P	engsyre	<i>Rumex acetosa</i>	2
P	europalerk	<i>Larix decidua</i>	1

Org	Norsk namn	Vitskapleg namn	N
P	fagerperikum	<i>Hypericum pulchrum</i>	3
P	finnskjegg	<i>Nardus stricta</i>	3
P	firkantperikum	<i>Hypericum maculatum</i>	2
P	fjellfrøstjerne <sup>1</sup>	<i>Thalictrum alpinum</i>	11
P	fjellkvitkurle <sup>1</sup>	<i>Pseudorchis straminea</i>	1
P	fjellmarikåpe	<i>Alchemilla alpina</i>	9
P	fjellpiggknopp	<i>Sparganium hyperboreum</i>	1
P	fjellsmelle <sup>1</sup>	<i>Silene acaulis</i>	6
P	fjellsæver	<i>Hieracium alpinum agg.</i>	1
P	fjellsyre	<i>Oxyria digyna</i>	6
P	fjelltistel <sup>1</sup>	<i>Saussurea alpina</i>	12
P	flekkmarihånd	<i>Dactylorhiza maculata maculata</i>	3
P	frynsestorr	<i>Carex paupercula</i>	1
P	fugletelg	<i>Gymnocarpium dryopteris</i>	3
P	furu	<i>Pinus sylvestris</i>	1
P	gaukesyre	<i>Oxalis acetosella</i>	4
P	geitrams	<i>Chamaenerion angustifolium</i>	1
P	geitsvingel	<i>Festuca vivipara</i>	7
P	gran	<i>Picea abies</i>	4
P	greplyng	<i>Kalmia procumbens</i>	1
P	grøftesoleie	<i>Ranunculus flammula</i>	1
P	grønbukne <sup>1</sup>	<i>Asplenium viride</i>	3
P	grønstorr	<i>Carex demissa</i>	11
P	gråstorr	<i>Carex canescens</i>	1
P	gulaks	<i>Anthoxanthum odoratum</i>	6
P	gullris	<i>Solidago virgaurea</i>	5
P	gulsildre <sup>1</sup>	<i>Saxifraga aizoides</i>	2
P	gulstorr <sup>1</sup>	<i>Carex flava</i>	7
P	harerug	<i>Bistorta vivipara</i>	1
P	harestorr	<i>Carex leporina</i>	2
P	hassel	<i>Corylus avellana</i>	3
P	hegg	<i>Prunus padus</i>	2
P	heisiv	<i>Juncus squarrosus</i>	2
P	heistorr	<i>Carex binervis</i>	8
P	hengeaks	<i>Melica nutans</i>	10
P	hengeving	<i>Phegopteris connectilis</i>	6
P	hinnebregne	<i>Hymenophyllum peltatum</i>	32
P	hundekvein	<i>Agrostis canina</i>	3
P	hårstorr <sup>1</sup>	<i>Carex capillaris</i>	5
P	jordnøtt	<i>Conopodium majus</i>	6
P	kattefot	<i>Antennaria dioica</i>	1
P	klengemære	<i>Galium aparine</i>	1
P	klokkeling	<i>Erica tetralix</i>	3
P	knappsviv	<i>Juncus conglomeratus</i>	3
P	knegras	<i>Danthonia decumbens</i>	1
P	knereverumpe	<i>Alopecurus geniculatus</i>	1
P	kornstorr	<i>Carex panicea</i>	4
P	korsved	<i>Viburnum opulus</i>	2
P	kranskonvall	<i>Polygonatum verticillatum</i>	1
P	krekling	<i>Empetrum nigrum</i>	1

Org	Norsk namn	Vitskapleg namn	N
P	kristtorn	<i>Ilex aquifolium</i>	1
P	kvitkløver	<i>Trifolium repens</i>	2
P	kvitlyng	<i>Andromeda polifolia</i>	1
P	kvitsoleie	<i>Ranunculus platanifolius</i>	1
P	kystbergknapp	<i>Sedum anglicum</i>	2
P	kystgrisøyre	<i>Hypochaeris radicata</i>	2
P	kystmaure	<i>Galium saxatile</i>	4
P	lappvier	<i>Salix lapponum</i>	1
P	liljekonvall <sup>1</sup>	<i>Convallaria majalis</i>	1
P	linnea	<i>Linnaea borealis</i>	1
P	lopestorr <sup>1</sup>	<i>Carex pulicaris</i>	18
P	lusegras	<i>Huperzia selago</i>	3
P	lyssiv	<i>Juncus effusus</i>	2
P	markjordbær	<i>Fragaria vesca</i>	1
P	melbær	<i>Arctostaphylos uva-ursi</i>	1
P	mjødurt	<i>Filipendula ulmaria</i>	9
P	molte	<i>Rubus chamaemorus</i>	1
P	musøyre	<i>Salix herbacea</i>	1
P	myrfiol	<i>Viola palustris</i>	4
P	myrmaure	<i>Galium palustre</i>	2
P	myrmjølke	<i>Epilobium palustre</i>	1
P	myrtistel	<i>Cirsium palustre</i>	2
P	myske	<i>Galium odoratum</i>	2
P	nattfiol	<i>Platanthera bifolia</i>	2
P	nyresoleier	<i>Ranunculus auricomus agg.</i>	1
P	osp	<i>Populus tremula</i>	2
P	perlevintergrøn	<i>Pyrola minor</i>	1
P	platanlønn	<i>Acer pseudoplatanus</i>	1
P	rabbesiv	<i>Juncus trifidus</i>	2
P	raggtelg	<i>Dryopteris affinis</i>	8
P	revebjelle	<i>Digitalis purpurea</i>	2
P	rogn	<i>Sorbus aucuparia</i>	6
P	rome	<i>Narthecium ossifragum</i>	3
P	rosenrot	<i>Rhodiola rosea</i>	12
P	rundsoldogg	<i>Drosera rotundifolia</i>	2
P	ryllsiv	<i>Juncus articulatus</i>	3
P	rypebær	<i>Arctous alpina</i>	2
P	raud jonsokblom	<i>Silene dioica</i>	1
P	raudsvingel	<i>Festuca rubra</i>	4
P	røsslyng	<i>Calluna vulgaris</i>	7
P	sanikel	<i>Sanicula europaea</i>	3
P	sauetelg	<i>Dryopteris expansa</i>	3
P	sisselrot	<i>Polypodium vulgare</i>	3
P	skjørlok	<i>Cystopteris fragilis</i>	5
P	skogburkne	<i>Athyrium filix-femina</i>	4
P	skogfiol	<i>Viola riviniana</i>	10
P	skogkarse	<i>Cardamine flexuosa</i>	2
P	skogmarihånd	<i>Dactylorhiza maculata fuchsii</i>	1
P	skogsalat	<i>Mycelis muralis</i>	2
P	skognnelle	<i>Equisetum sylvaticum</i>	1
P	skogstjerne	<i>Lysimachia europaea</i>	4
P	skogstjerneblom	<i>Stellaria nemorum</i>	1
P	skogstorkenebb	<i>Geranium sylvaticum</i>	5

Org	Norsk namn	Vitskapleg namn	N
P	skrubbær	<i>Chamaepericlymenum suecicum</i>	2
P	slirestorr	<i>Carex vaginata</i>	1
P	sløke	<i>Angelica sylvestris</i>	4
P	slåttestorr	<i>Carex nigra nigra</i>	2
P	smalkjempe	<i>Plantago lanceolata</i>	2
P	smalsoldogg	<i>Drosera anglica</i>	1
P	smyle	<i>Avenella flexuosa</i>	5
P	smørtelg	<i>Oreopteris limbosperma</i>	2
P	småmarimjelle	<i>Melampyrum sylvaticum</i>	1
P	småsyre	<i>Rumex acetosella</i>	1
P	småtveblad	<i>Neottia cordata</i>	1
P	småvasshår	<i>Callitricha palustris</i>	1
P	snauveronika	<i>Veronica serpyllifolia serpyllifolia</i>	2
P	stankstorkenebb	<i>Geranium robertianum</i>	1
P	stivstorr	<i>Carex bigelowii</i>	1
P	stjernesildre	<i>Micranthes stellaris</i>	6
P	stjernestorr	<i>Carex echinata</i>	3
P	storblåfjær	<i>Polygala vulgaris</i>	2
P	storfrytle	<i>Luzula sylvatica</i>	7
P	stormarimjelle	<i>Melampyrum pratense</i>	1
P	stri kråcefot	<i>Lycopodium annotinum</i>	1
P	sumphaukeskjegg	<i>Crepis paludosa</i>	7
P	svartburkne	<i>Asplenium trichomanes</i>	3
P	svartstorr	<i>Carex atrata</i>	4

Org	Norsk namn	Vitskapleg namn	N
P	svarttopp <sup>1</sup>	<i>Bartsia alpina</i>	5
P	særbustorr	<i>Carex dioica</i>	1
P	sølvbunke	<i>Deschampsia cespitosa cespitosa</i>	3
P	sølvvier	<i>Salix glauca glauca</i>	1
P	taggbregne <sup>1</sup>	<i>Polystichum lonchitis</i>	4
P	tågebær	<i>Rubus saxatilis</i>	4
P	tepperot	<i>Potentilla erecta</i>	9
P	tettegras	<i>Pinguicula vulgaris</i>	1
P	tiriltunge	<i>Lotus corniculatus</i>	2
P	torvull	<i>Eriophorum vaginatum</i>	4
P	tranestorr	<i>Carex adelostoma</i>	3
P	trillingsiv <sup>1</sup>	<i>Juncus triglumis</i>	1
P	trollhegg	<i>Frangula alnus</i>	2
P	trollurt	<i>Circaeae alpina</i>	3
P	trådsiv	<i>Juncus filiformis</i>	2
P	tunarve	<i>Sagina procumbens</i>	2
P	tunrapp	<i>Poa annua</i>	2
P	turt	<i>Cicerbita alpina</i>	2
P	tytebær	<i>Vaccinium vitis-idaea</i>	3
P	vendelrot	<i>Valeriana sambucifolia</i>	7
P	vivendel	<i>Lonicera periclymenum</i>	9
P	vårkål	<i>Ficaria verna</i>	1
P	øyrevier	<i>Salix aurita</i>	1
Pat	oter	<i>Lutra lutra</i>	1
S	sumpklubbemorkel	<i>Mitrula paludosa</i>	1



Miljøfaglig Utredning AS ble etablert i 1988. Firmaets hovedformål er å tilby miljøfaglig rådgivning. Virksomhetsområdet omfatter blant annet:

- Kartlegging av naturmangfold
- Konsekvensanalyser for ulike tema, blant annet: Naturmangfold, friluftsliv, reiseliv og landbruk
- Utarbeiding av forvaltningsplaner for verneområder
- Utarbeiding av kart (illustrasjonskart og GIS)
- FoU-virksomhet
- Foredagsvirksomhet

Hjemmeside: [www.mfu.no](http://www.mfu.no)

Org.nr.: 984 494 068 MVA